

Lita skrift

Ben Hur

Ein ny film om Ben Hur har sett dagens lys, og fiaskoen er eit faktum. The New York Times kallar han den siste floppen frå Paramount Pictures. Time skriv stort om samanbrotet under tittelen «Time Off». Jack Huston er den nye Ben Hur, og gamle Morgan Freeman spelar ein sjeik, i dramatiseringa av den rolla som sidan Charlton Heston hadde henne i 1959, har vore den ultimate. Han er død, 83 år gamal, og han fortener eit betre ettermæle enn som alderdomleg leiar for National Rifle Association, så vidt levande i ein Michael Moore-film.

Året er 26 etter Kristus då den rike jødiske kjøpmannen Ben Hur i det romersk-okkuperte Jerusalem møter barnomsvenen Messala som har fått stor makt. Hur fell i unåde og vert slave. Som fri mann tek han hemn ved å slå Messala i kamp med hest og vogn, scena vi hugsar frå ein enorm filmografi. Hans første medverknad i film var som Peer Gynt! Djengis Khan er hans eigentlege debut, *El Cid* kom i 1961, men eg vil til ville vesten. Året er 1958 og filmen *The Big Country*.

På rollelista står Gregory Peck, Jean Simmons, Charlton Heston og Burl Ives (1909–1995), den digre songaren og skodespelaren som også udøyeleggjorde ei rolle i filmen *Katt på hett blikktak* med Elizabeth Taylor og Paul Newman. *The Big Country* er regissert av Willy Wyler. James McCay, spela av Gregory Peck, kjem for å møte den trulova Patricia (Carroll Baker) på ein enorm ranch eigd av far hennar. Veninna Julia Margon (Simmons) er også rancheigar, Charlton Heston er *formann* på grannegarden. McCay nektar å la seg involvere i ein familiefæide. Heston kallar han ein feiging, men som menn avtalar dei ein nevekamp på eit jorde *nattetid*. Den tagale nevekampen runde for runde, åleine om natta, spela av Heston og Peck til dei begge stupar: Det er den ultimate scena eg vil hugse for all tid.


Det blir også ein kamp om gunsten til henne som vert spela av vakre Jean Simmons, min løynde ungdomskjærleik.

R.H.

Arkivert

Om Sørebo som skribent vil eg til slutt segja at det tykkjest vera lite sæt på det han skriv om seriøse emne. Men dersom han trautar og legg meir omtanke i arbeidet, kunne han vel vinna fram på dette omkvervet òg.

K. E. Steffens i Dag og Tid
10. september 1976



SERIE: Erling Folkvord rapporterer frå reiser

Brei allianse med sk

Tre av dei sterkaste krigsaktørane i det nordlege Syria har funne kvarandre: DAESH (IS), Tyrkia og Assad-regimet i Damaskus. Dei fører krig mot det unge demokratiet i den sjølvstyrde kurdiske landsdelen i Syria.


Eg såg spirene til ein slik allianse våren 2013. Tyrkia hadde da hjelpt ulike jihadist-grupper som prøvde å erobre den kurdiske grensebyen Serekaniye. «Tyrkia gir oss både militær, moralsk og humanitær hjelp», sa leiaren i ei av jihadist-gruppene som slost for å overta byen. Samtidig viste bombekrater i eit bustadområde og tett inntil eit sjukehus at Assads flyvåpen hadde vore på tokt.

Siste hundreåret har det vore harde konflikter mellom kurdarane og ulike regjeringar i Iran, Tyrkia, Irak og Syria. Dei har styrt kvar sin del av Kurdistan, det området der kurdarane er i fleirtal. Stormakter utanfor Midtausten har ut frå eigne interesser alliert seg på kryss og tvers. Som oftast mot kurdarane.

I Syria fekk statens kamp mot kurdarane ei særskild form for seksti år sidan. Med storilt folkeflytting skulle daverande president Assad lage eit «arabisk belte» langs grensa mot dei kurdiske områda i Tyrkia og Irak. Han lykkast berre delvis. Men det kurdiske området som på kurdisk heiter Rojava, vart delt i tre delar. I samarbeid med arabiske og andre styrkar prøver kurdarane no å knyte dei tre delane i hop i eit sjølvstyrt område. Får dei til det, mistar Tyrkia alle vegar til dei jihadistgruppene Erdoğan har alliert seg med i Syria.

– EIN KAMP FOR HEILE VERDA

– Det trengst at nokon går i spissen for ei mobilisering mot Daesh, sa Nesrin Abdullah da eg for eit år sidan møtte henne i Rojava.



Erling Folkvord. Foto: Svein Olsen

Abdullah er øvstkommanderende for dei kvinnelege forsvarstyrkane (YPJ) i Rojava. Ho minte om at DAESH var på veg mot Europa.

– Den kampen vi fører mot DAESH, er ein kamp for heile verda, ikkje berre for Syria, sa ho.

Det er ikkje lett å skilja dei mange væpna gruppene i Syria. DAESH, Jabhat Fateh al-Sham (tidlegare Jabhat al Nusra) og mange andre. Fleire av dei vil opprette ein islamistisk stat. Mannskap og våpen skiftar frå den eine gruppa til den andre. Det som for tre år sidan var ein gryande allianse mot det nye folkestyret i Rojava, har no nådd eit høgare nivå.

For to veker sidan gjekk eg på flybussen i Oslo. Eg skulle til Kobanê for å møte både tilhengjarar og motstandarar av den nye samfunnsordninga. Same morgonen rulla tyrkiske tanks over grensa til Syria fire-

Bakgrunn

■ **Rojava: område lengst nord i Syria der dei fleste innbyggjarane er kurdarar.**

■ **YPG og YPJ: Folkets forsvarsstyrkar og Kvinneres forsvarsstyrkar i Rojava. Sidan revolusjonen i 2012 har YPG og YPJ vori den militære delen av det nye Rojava-regimet.**

■ **DAESH er namnet lokalbefolkninga brukar om IS (Islamisk stat).**

■ **FSA: Den frie syriske hæren. Oppretta i 2011. Samansett av mange væpna grupper. Nært samarbeid med Tyrkia. Får økonomisk hjelp og våpen frå golfstatane og vestlege land.**

fem mil vest for Kobane. Den tyrkiske presidenten, Recep Tayyip Erdoğan, sa han skulle føre krig mot den islamistiske terrororganisasjonen DAESH. Amerikanske F16-pilotar følgde med frå stor høgd. Dei såg til at det syriske luftforsvaret ikkje slo tilbake mot invasjonstyrkane.

På ettermiddagen var eg framme på flyplassen i Hewler, hovudstaden i den autonome kurdiske delen av Irak. Ein europear som skal til Kobanê, må i dag ta den lange omvegen om Hewler. President Erdoğan har stengt den tyrkiske grensa mot Syria – for alle andre enn eigne stridsvogner og utvalde jihadistgrupper.

Denne ettermiddagen stod Erdoğan klar til å ta imot ein amerikansk gjest i det nye pre-

sidentpalasset i Ankara. Dette stasbygget med meir enn 1100 rom fortel kanskje litt om korleis den tyrkiske presidenten ser på seg sjølv. Det kvite huset i Washington blir smått, om vi prøver å samanlikne.

Tyrkiske Hurriyet Daily News rapporterte utpå kvelden at visepresident Joe Biden helsa Erdoğan med gode ord: «Tyrkia er USAs beste ven.» Det kunne sjå ut til at USA, Tyrkia og andre gode krefter skulle ta ein samla offensiv mot DAESH.

ERDOĞANS FREDELEGE KRIG MOT DAESH

DAESH-krigarane slåst alltid med livet som innsats. Kvar og ein har fått innprenta at han heller skal døye enn å gi opp. Dei har moderne, tunge våpen og kan bruke dei. Siste sommaren viste dei dette i storbyen Manbij på vestsida av Eufrat. Der hadde DAESH hatt makta i to år. 1. juni starta dei kurdisk-arabiske styrkane i SDF ein offensiv for å frigjera Manbij. SDF er ei samanslutning av forsvarsstyrkane i Rojava, arabiske grupper og nokre andre.


Det vart seks veker med blodige kampar. Begge sider hadde store tap. SDF frigjorde Manbij 12. august. Nokre dagar seinare overlét dei byen til sivile styringsorgan og Det militære rådet i Manbij. SDF var ikkje ute etter å ta makta i byen. På dette punktet kan vi samanlikne med Sovjet-styrkane som frigjorde Finnmark på slutten av andre verdskrigen. Dei ville knuse nazismen, men ikkje overta ein del av Noreg.

Den tyrkiske invasjonen i Syria var i første omgang retta mot byen Jarablus, rundt tre mil nord for Manbij. Her òg hadde DAESH hatt full kontroll i meir enn to år. To timar før visepresident Joe Biden sette seg ned hos Erdoğan, kunn gjorde ein tyrkisk regjeringstalsmann at invasjonen hadde eit vidare siktemål: Tyrkia

Kurdarane i Rojava

har ikkje gitt opp, sjølv om dei no fører forsvarskrig mot den nest største hæren i NATO.

KVEN HAR KONTROLLEN I SYRIA?



i dei kurdiske områda i Syria.

Skarpe skot mot Kobane



FLYKTNINGELEIREN MAHMUR: Ho kom uskadd frå det da ein DAESH-krigar tømde eit kalashnikov-magasin gjennom vindauget halv seks om morgon. Den andre kvinna ligg hardt skadd på sjukehus. Foto: Erling Folkvord



Tyrkiske soldatar drap ein ungdom og skadde over sytti personar som protesterte mot den tyrkiske muren rett utanfor Kobanê. Foto: Privat



Ho bøyer ikkje av, sjølv om Tyrkia skaut med skarpt mot dei som stod rundt henne. Foto: Privat

skulle fjerne «alle terroristelement, både DAESH og YPG» frå grenseområda mot Tyrkia. YPG er den kurdiske forsvarsstyrken som hausten 2014 nedkjempa DAESH i grensebyen Kobanê. Avstanden frå Jarablus til Kobanê er om lag som frå Drammen til Oslo.

På invasjonsgdagen sende statsdrivne Anadolu Agency i Tyrkia ut meldingar om krigsutviklinga frå time til time:

18.20: Invasjonsstyrken har starta innrykkinga i dei sentrale delane av Jarablus.

19.00: Dei har overtatt alle offentlege bygningar og har kontroll med halvparten av byen.

19.50: Heile byen er under tyrkisk kontroll. Ein soldat frå FSA (Den frie syriske hæren) har mista livet. Den tyrkiske hæren hadde ingen tap.

Verda har aldri sett ein kortare, fredelegare og meir sigerrik krig mot DAESH. Terrororganisasjonen braut med alt dei før har gjort. Dei gav frå seg byen. Ja, dei hadde til og med evakuert ein stor del av styrkane sine frå Jarablus-området før invasjonsstyrken kryssa grensa.

Mange kurdarar eg møter, hevdar at dette var avtalt spel mellom Tyrkia og DAESH. Murayat Karayilan, ein av toppleiarane i Det kurdiske arbeidarpartiet (PKK), sa til Firat News at den tyrkiske innmarsjen i Jarablus ikkje var ein militær operasjon: «Det er heller resultatet av ein avtale mellom AKP-regjeringa (i Tyrkia) og DAESH», sa han. Det som går føre seg, «er meir ei utskifting enn ein militær operasjon».

KRIG MOT FOLKESTYRE

Krigen lengst nord i Syria handlar mest om det sekulære og tverrkulturelle folkestyret i Rojava. Arabarar, armenarar, assyrarar, kurdarar og tsjetsjenarar deltar med like rettar i styringsorgana. Ei kvinne og ein mann deler leiarverva. Dei er medleiarar. Statsleiarane i Midtausten ser dette som eit trugsmål mot si eiga makt.

Etter at DAESH gav frå seg storbyen Manbij, har president Erdoğan i Ankara, president Assad i Tyrkia og DAESH-kalifen i Raqqa lagt ein del usemjer til side og intensivert kampen mot den felles fienden:

Hovudvegen frå DAESH-hovudstaden Raqqa og til Mosul i Irak går gjennom byen. Etter harde kampar i tre døgn måtte dei likevel gi opp.

Etter overtakinga av Jarablus har Tyrkia dagleg gjennomført åtak mot ulike delar av Rojava: Flybombing har tatt livet av titals sivile i fleire landsbyar. Skyting over grensa er vanleg, både mot militære og sivile mål. 3. september skaut tyrkiske soldatar ein småbrukar som arbeidde på åkren sin 500 meter frå grensa.

SKARPE SKOT MOT KOBANE

Tyrkia trappa opp krigen ei veke etter innmarsjen i Jarablus. Tyrkiske styrkar rykte over grensa ved Kobane. Lastebilar køyrde fram ferdigstøytte betongmodular og anleggsmaskinar. Soldatane byggjer no mur av same slaget som Israel har bygt på okkupert palestinsk jord. Det set opp muren berre eit par steinkast frå dei nærmaste husa i byen.

Styringsrådet og befolkninga i Kobane har svara med ikkje-valdeleg massemobilisering. Folke- mengda vart så stor og kom så

nært at Tyrkia måtte stanse arbeidet. Men det varde ikkje lenge. Soldatane kom tilbake med tåregass og skarpe skot mot folke- mengda. Dei drap ein ungdom og skadde åtte andre alvorleg. Om lag sytti personar måtte behandlast for mindre skadar. Men den fredelege massemonstringa held fram. Styrismaktene har sett opp to store telt slik at folk kan vere der heile døgnet.

Dei som bur i Kobane, ytte hausten 2014 dei aller største offera for å stanse DAESH. Det var ein kamp for heile verda. Medleiar Salih Muslim i Det demokratiske einskapspartiet (PYD) seier at Tyrkia òg kjem til å tape til slutt, slik DAESH gjorde.

Befolkninga i Rojava har ikkje gitt opp, sjølv om dei no fører forsvarskrig mot den nest største hæren i NATO. Samtidig er den tyrkiske invasjonsstyrken på veg mot Manbij. Dei prøver kanskje å ta tilbake den byen DAESH måtte gi frå seg for ein månad sia. Erdoğan bruker nyordet «bufersone», men det handlar om å berge dei siste restane av Gamle-Assads «arabiske belte».



ALLIANSE: President Erdoğan i Nato-landet Tyrkia, DAESH (Islamsk stat, IS) og den syriske presidenten Bashar Al-Assad fører no ein sams krig mot det kurdiske sjølvstyret i Syria, rapporterer Erling Folkvord. Foto: NTB scanpix